



Til

Hordaland fylkesting hfk@hfk.no

Opplæring-og helseutvalet v/ Roald Steinseide roa-stei@online.no

Ungdommens fylkesting ungdommens.fylkesting@hfk.no

Kopi:

Fylkevaraordførar Mona Hellesnes

Ingeborg Borgen Takle

Hardangerkommunane

Toralf Mikklesen

Melding om vedtak gjort i Hardanger Ungdomsråd 15.1.2015

Særutskrift:

HU-sak 04/15

**Høyringsuttale vedrørende tannhelsetenesta
klinikksstrukturplan 2015-2030.**

Vedtak:

I møte i Hardanger ungdomsråd den 15.1.2015 tok me opp saka om tannklinikksstrukturplan. Dette er ei viktig sak for oss ungdom. **Me følar at fylkestannlegen prøvar å nedprioritere oss i distriktet, og dette finn me oss ikkje i.** Me treng ein lett og enkel veg til tannpleie og klinikks elles vil fylgjande skje:

-**Ungdom må pendla att og fram til Voss, Odda eller Kvam.** Pga **kollektivtilbodet** vil me i miste ein heil skuledag fylt med lærings. Og som om det ikkje er nok, vil me måtte gjera mykje meir lekse for å ta igjen det me mista den dagen. Det burde jo vere nok å miste ein dag frå skulen og all lærdommen, men det er det ikkje.

-Konsekvensane med den lange reisa er at **ungdommen vil få registrert fråvær** fordi me reiste til tannleggen. Me vil få fråvær og mista mykje lærings. Dette vil få **negative konsekvensar for framtidig vitnemål.**

-**Ungdommen må bruka peng og tid på buss.** Og har ein råd til bussen? Dette kan vere eit problem for mange, for bussen kostar pengar, men **skal ikkje tannhelsetilbodet vere gratis?** Så vist ein elev må bruke sine pengar på å komme seg til tannklinikken, så verkar det ikkje som at tannhelsetilbodet er gratis. Kor mykje tid må ein vente før og etter timen? Må ein elev sitte og vente på bussen i to timer etter tannlege timen? Tid er pengar, også for ungdommar!

- Og dette gjeld ikkje berre for ungdommen som kan ta buss åleine, dette gjeld også for små barn. Og dei kan jo ikkje ta buss åleine, så då må ein av **foreldra ta seg fri fra jobben for å fylgja barnet sitt til tannlegen.** Det å ta seg fri for vaksne, vil seie å **miste arbeidsinntekt** eller å måtte jobbe ekstra for å ta igjen dei timane dei ikkje jobba. Og alt dette for **ein tannlege time!**

Me veit ikkje korleis man regnar på kostnader for og i mot. Men man kommer ikkje bort i frå at om ein tannlege har ti pasientar pr dag, vil det være ti pasientar som brukar til saman ti

skuledagar(70 timer) mot til saman ti enkelt timer. Samt økonomien i at føresette må ta seg fri frå arbeid for å fylgja dei minste borna.

-Det må jo være mykje enklare at ein tannlege pendlar til dei ulike kommunane , enn at alle pasientane skal reisa til Voss, Odda og Kvam. **Miljø messig er det og meir korrekt.**

Me barn og ungdom er framtida, me er bekymra for vår skulekvardag, vitne mål, vår fritid og vårt miljø. **Me meiner de har ein plikt til å kunne tilby oss ute i distriktet eit like godt tannlege tilbod som i byane.** Det skal ikkje være slik at helse tilboda på bygda er dårlegare enn dei i byane. Alt dette kan enkelt forhindrast med å behalde tannklinikke i Hardanger.

Med tanke på sannsynleg kommunesamanslåing i nær framtid, der nye planar og visjonar vil blomstre vil me gå så langt å sei at det er idioti å leggja ned tannklinikke no!

Hardanger ungdomsråd går imot framlegg til ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030 . Hardanger ungdomsråd meiner det er ekstremt viktig at me har tannklinik og tannpleie i alle kommunane.

Kinsarvik 16.1.2015

Fruktbar helsing Hardangerrådet
Trude L. Rinaldo
Konsulent
Hardangerrådet iks signerar digitalt